



Notat

Dato: 21.11.2014
Arkivsak: 2014/23691-1
Saksbehandlar: ronskaa

| | |
|-------------|--|
| Til: | Kultur- og ressursutvalet Fylkesutvalet |
| Frå: | Fylkesrådmannen |

Status for flytting av Hordaland Teater (HoT)

Våren 2014 fekk HoT ei tilleggsløyving knytt til flytting av teateret til Bergen Sentrum. Løyvinga er knytt til dei tekniske utreiingane som er naudsynte i samband med å få laga ein kravspesifikasjon for romplan og andre tekniske installasjonar. Etter ein prosess i høve til regelverket for innkjøp, vart Masi Kulturkompetanse vald ut til å gjennomføre denne delen av analysen.

Kravspesifikasjonen ligg no føre og er basert på ein minimumsplan for kva type rom og kva type installasjonar som trengs når ein skal tilpassa eit teater til eit eksisterande bygg. Kravspesifikasjonen har følgjande hovudareal,

- Publikumsareal (scene, foajé, prøvesal, nærlager, bakscene, service) 760 kvm
- Areal for kunstnarlege tilsette (garderobar, dusj) 90 kvm
- Areal kontor (Administrasjon, personalrom, møterom) 250 kvm
- Areal verkstader (systove, nærlager, snikkar/metall) 400 kvm

Totalt er dette ca. 1500 kvadratmeter. Noko av dette, som lager og verkstader, reknar teateret med kan vere på Stend, eller lokalisert saman med andre kulturinstitusjonar i Bergen. Administrasjon kan og ligge i eit tilstøytande bygg, men teateret ser det som ikkje ideelt etter den erfaring ein har høsta med ei slik løysing på Stend.

Kravspesifikasjonen, som er gjort ferdig den siste månaden, representerer ikkje det teateret kunne ønskt om ein skulle byggja eit nytt teater, men det er ein krympa variant som kan nyttast ved tilpassing det til allereie eksisterande bygg.

Andre kriterie som er lagt til grunn er sentral plassering med nærleik til offentleg kommunikasjon og helst og i nærleiken av andre institusjonar som har eit bredt publikumstilfang. Som turnéteater har HoT og behov for å kunne løyse transport og logistikk med store køyrey.

So langt har ein undersøkt nærare to arenaer: Bygningsmassen på gamle Høgskulen i Bergen og Logen Teater. Når det gjeld den første så er det området kor den nye Media City Bergen skal anleggjast. Dette kjem til å bli ein viktig arena for kulturlivet i framtida og det har god plassering i høve til offentleg kommunikasjon. Heile bygningsmassen er gjennomgått, og ein ser at det er mogleg å få til. Men det vert dyrt, av di ein må bygga om lokala ved å ta vekk søyler og golv for å få nok høgde og areal til sceneromma.

Det andre lokalet som ein har undersøkt nærare har vore Logen Teater. Her er det fleire utfordringar, både av teknisk og administrativ art. Når det gjeld det administrative so har det vore knytt til eksisterande leigekontrakt med noverande drivar og den lengda på kontrakten som Den Gode Hensigt (eigaren) vil gå inn på. I møte med drivaren har HoT oppnådd semje om at dei kan gå inn i kontrakten. Vilkårane er ikkje forhandla fram. Dette må settast på vent inntil ein har fått avklara i kva grad det teknisk lar seg gjere å flytta teateret inn i Logen.

Eigarane har etter møtet i Direksjonen gitt melding om at dei kan vurdere å gå inn på ei 15 års avtale med opsjon på 5 ytterlegare år. Den Gode Hensigt har planar om å utnytte arealet som i dag husar Logehaven, og per nå er dette det einaste usikre momentet i denne avtalen. HoT har vald å gå vidare med denne løysinga, og har engasjert arkitektkontoret Cubus for å lage ei moglegheitsstudie av Logen, med eit tilleggsareal som tilbygg i bakgården. Arbeidet vil resultera i ei visualisering av teateret som forventast ferdig i løpet av veke 48 .

Vidare arbeid

HoT arbeidar no etter følgjande framdriftsplan,

| | |
|--------------------|--|
| Ultimo november: | Cubus ferdig med moglegheitsstudie |
| November/desember: | Avklaring med kommunale- og evt. antikvariske myndigheiter om arealbruk og endringar |
| Januar 2015: | Intensjonsavtale om leigekontrakt og eventuell overdraging av eksisterande leigekontrakt |
| Januar: | Detaljprosjektering tilstrekkeleg for kostnadsestimat for søknad om tilskot |
| Februar/Mars: | Innsalg til sentrale og regionale myndigheiter og politikarar |
| Februar: | Kontakt Stat/fylkeskommune for finansiering |
| Mai: | Vedtak i Hordaland fylkeskommune |
| Deretter, | |
| Haut 2015: | Avklaringa av løyvingar og oppstart |
| Haut 2016: | Innflytting |

Dersom teateret sin framdriftsplan vert følgd, vil fylkesrådmannen koma attende med ei konkret sak om flytteprosessen i mai 2015.

Finansiering av prosjektarbeidet

Foreløpig har ein brukt ca. 300.000 kroner av den tilleggsløyvinga som HFK har ytt for 2014. For detaljprosjektering og underlag til kostnadsestimat, samt arkitekt- og juridisk assistanse reknar ein med å bruka ytterlegare ca. 1.500.000 kroner.

I budsjettet for 2015 har Hordaland fylkeskommune sett av kr 1.000.000 til dette føremålet.